

HYRDINGEN

NR. 6

Desember 2015

ÅRGANG 57

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



God jul!

Jasmin Mali-Hansen, 4. klasse, Vats skule

Vinnar av teiknekonkurransen

Sideoversikt:

Biskopen si julehelsing	2
Redaksjonspennen	3
Julemesse/basar i Vikedal.....	3
Lundeneset 50 år	4
Teiknekonkurransen	5
Radiosøndagsskule	6

Familie-KRiK	7	Salmekveld	11
Gild møteserie. Isvik bedehus ...	8	Trusopplæringa i Vindafjord	12
Soknerådsleiarar	8	Haustmarknad i Vats	13
Endringar i redaksjonen	8	Gudstenester.....	14
Konsertomtale	9	Møter og kungjeringar	15
Livskvalitet og Livsglede	9	Frå kyrkjeboka	15
Gullkonfirmantar	10	Leirbålgudsteneste	16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf 53 65 65 41 Mob. 926 55 651
Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Pb. 6, 5574 Skjold.
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645
jon.adnøy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal
Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:
Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:

Kari Synnøve Velde Haugen

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

Biskopen si julehelsing

Av Erling J. Pettersen, Stavanger biskop.



Håpsbarnet

For nokre år sidan satt presten og salmediktaren Eyvind Skeie i stova vår i ei førjulsamling og hadde med seg ein salme han hadde omsett, og som no er tatt med i den nye salmeboka vår:

Solbarn, jordbarn, bak din tynne hud stråler mot oss kjærighet fra Gud. Hør oss, se oss, Stjernebarn stig ned, så jordens barn i alle land finner julens fred.

Det har ikkje tatt lang tid for denne salmen å bli kjent og sunge over heile landet. Kanskje nettopp fordi den går rett inn i ein av dei mest hjarte-lause periodane for forsvarslause barn som verda vår har opplevd i nyare tid. Krisa i Middelhavet er meir enn tal i ein flyktningestatistikk, det handlar om dei barna salmen omtaler i vers 2:

Flyktning, krigsbarn, hjemløs og for-

latt, misbrukt, skadet i den dype natt.

For mange av oss vart biletet av treåringen Aylan frå Syria, som gikk verda rundt tidleg i haust, det som ga støyten til ei ny dugnadsånd for å ta imot flyktningar frå dødsreisene over Middelhavet.

Den døde guten på stranda har ei lita, raud skjorte på seg. Olashorts. Små svarte barneskof. Lys hud. Han ligg med ansiktet ned i sanden på ei strand kanskje mange av oss har vore på i våre feriar.

I møtet med dette biletet, symbol på den moralske krisa Europa er i, får eg lyst til å be oss alle la refrengset i salmen bli vår daglege adventsbøn:

Hør oss, se oss, Stjernebarn stig ned, så jordens barn i alle land finner julens fred.



Vinnar: Andreas Lunde, 7. klasse, Bjoa skule

Og mi oppfordring er enkel: bli med i fellesdugnaden for å opne dørene våre, heimane våre, grensene våre for barn og foreldre på flukt frå ein krig som overgår det vi kjenner til av meiningslaus vald og terror.

Og eg takker Eyvind Skeie for at han har gitt Shirley Erena Murray engelske tekster ei så sterk omsettjing, og lar siste verset i salmen vera mi advent- og julehelsing:

Håpsbarn, fredsbarn, Barn fra evighet. Vis hvert jordbarn himlens herligheit.

Velsigna advents- og juletid!

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Godt nytt år!

Ja, kyrkjeåret startar ikkje 1. januar, men 1. søndag i advent. Advent betyr komme eller ankomst og er ei førebuingstid for å ta i mot Jesus. Det er to ankomstar det vert fokusert på. Den første er då Jesus kom som eit lite barn. Den andre er når Jesus skal komma igjen for å skapa ei ny jord.

Nå er mange opptekne av å førebu seg på julefeiring. Pakkar, baking, husvask og pynting til advent og jul. Denne jula vil vi ha mange rundt oss som ikkje er i heimlandet sitt. Dei har flykta langt frå krig og vold. Kanskje du kan gle nokre av desse med ein julepresang eller ei helsing. Bli kjend med nye som er langt borte frå sin familie. Ta vel imot dei. Det er det beste utgangspunktet for å skapa fred og vennskap mellom folk.

I dette nummeret presenterer vi teikningar som born i Vindafjord har laga om korleis dei tenkjer seg det var den første jula. «Eit barn er født i Betlehem...» Slik lyder songen. Det skal vi nå feira i kyrkjene, bedehusa og i heimane

Eg vil også ynskja god jul, godt nytt år og alt godt til dei som har teke i mot verv i sokneråda våre. Du er viktig og bidreg til eit godt lokalsamfunn også gjennom det arbeidet du skal delta i framover.

God jul og Guds signing over det nye året



Julemesse/Basar i Vikedal 7. november

Godt frammøte i Vikedal

Av Anne Marie Reimers

Dei første kom kl.14:00, men me starta med song og musikk kl.15. Det var det Elisabeth Littlehamar og Lars Olav Fjetland frå Suldal som gav oss ein fin start på dagen. Solveig Lunde Jekteberg gav oss ein inspirerande informasjon om NMS sitt arbeid i Kamerun. Ho fortalte litt frå den første tida da NMS hadde mange misjonærar i landet, og fram til i dag då der er svært få norske. Den Lutherske Kyrkja i Kamerun er

i dag styrt av sine eigne biskopar og prestar. Det er stor kyrkjevekst og mykje å glede seg over. "Guds ord vender ikkje tomt tilbake", seier Bibelen.

Loddsalg og handel gjekk bra, men det er ikkje ei Julemesse av det store slaget me har.

Likevel kan me glede oss over å få senda vår støtte til arbeidet som NMS driv i mange land, i år og. Ein fullsatt sal på Bedehuset er eit fint syn.





Elevar, lærarar og tilsette på Lundeneset i jubileumsåret.

Lundeneset jubilerer

Av Håvard Brekkå

For 50 år sidan starta Lundeneset som skule, og Lundeneset markerer dette på fleire måtar gjennom skuleåret. Helga 6.-8. november var det feiring tre dagar i strekk, og meir enn 1000 personar var innom på ulike arrangement.

Skulen begynte i 1965 som kontorkrøksskule med 29 elevar i første kull, og i løpet av 50 år har over 3400 elevar vore innom skulen og om lag 300 har vore tilsette her. I jubileumsåret har skulen 191 elevar fordelt på utdanningsprogramma service og samferdsle, medier og kommunikasjon, studiespesialisering og påbygging til generell studiekompetanse.

På fredagskvelden i jubileumshelga var fokuset mest på nåverande og tidlegare elevar under arrangementet «Mitt Lundeneset». Laurdag var det foreldredag med tema-samlingar og fest der stortingsrepre-

sentant Olaug Bollestad var talar. På søndagen var det jubileumsfest med mange lokale og tilreisande skulevenner og misjonsvenner til stades. Wenche Lunde var hovudtalar på denne festen. Etter festen var det middagsservering, og nyleg pensjonerte Liv Sakseid var hyra inn for å laga den berømte «Livs lapskaus».

Jubileumsbok

Lundeneset lanserte og jubileumsboka «Hjemmefra, men ikke alene. 50 år med Lundeneset» under jubileumshelga. Tidlegare rektor Arne Borgemyr og nåverande lærar Håvard Brekkå er redaktørar av boka, som inneholder både historiske glimt og møte med personar som fortel om kva Lundeneset har betydd. Nesten 200 bilete har fått plass i boka, som kan kjøpast hos Ølen bok og papir eller bestillast på lvs.no.

I føreordet til boka skriv redaktørane følgjande: «Ved å arbeide med dette stoffet har vi sett ein ty-



Frå jubileumsmøtet

deleg tråd. Det startar ved bønneplassen som Gunnar Lunde hadde ved ei eik ute på Lundeneset tidleg på 1900-talet. Han drøymde om ein skule for ungdom på dette neset. I 1965 starta skulen. I dette lyset ser vi at Lundeneset var svaret på bønnene til Gunnar. Og vi ser i lys av desse 50 åra at skulen har fått vere til stor signing for mange elevar og tilsette med familiar. Vi kan berre ane kva dei 3400 elevane som har gått her har betydd i samfunnet og i Guds rike.»

Teiknekonkurransen

Av Steinar Skartland

Hyrdingen inviterte skulebarna i Vindafjord til å teikna julemotiv med utgangspunkt i songen: Eit barn er født i Betlehem. Vi fekk inn over 300 teikningar. Tusen takk til alle born og alle dei skulane som deltok. Redaksjonen gjorde eit utval på 10 teikningar som vi har brukt i dette nummeret av Hyrdingen. Vi valde også ut to av dei beste teikningane som vi dermed har kåra til vinnarar som vil få fargestiftar som premie.

Dei to vinnarane er:

Jasmin Mali-Hansen som går i 4. klasse på Vats skule (teikning side 1)
Andreas Lunde, som går i 7. klasse
på Bjoa skule (teikning side 2).




Eva Skeie, 6. klasse, Sandeid skule

*Eit barn er født i Betlehem,
i Betlehem.
No frydar seg Jerusalem.
Halleluja, halleluja!*

*Her ligg han i eit krubberom,
eit krubberom,
men rår med evig herredom.
Halleluja, halleluja!*

*Men okse der og asen stod,
og asen stod,
og såg den Gud og Herre god.
Halleluja, halleluja!*



Marita Vaula, 4. klasse, Vats skule



Juli J. K. Gåsdalen, 5. klasse, Vik skule

RADIOSØNDAGSSKULE FOR SMÅ OG STORE



Av Elisabeth Fauskanger

«Jesus til barna» er søndagsskulen sin visjon. Men må ein fysisk møtast for å ha søndagsskule saman? Eller kan en ha søndagsskule på andre måtar – på radio t.d?

Sidan hausten 2012 har Elisabeth Fauskanger, søndagsskulekonsulent i Søndagsskolen Karmsund-Sunnhordland krins laga ein times sendingar med søndagsskule på radio i samarbeid med Kristen Nær-radio Haugaland AS.

Ein radiosøndagsskule er ganske lik ein vanleg søndagsskule; me bruker *Sprell Levende* og *Barnas*, det er mykje song, bøn, bibelforteljing, det er barn som deltek, me opnar skattekista og fortel vitsar. I tillegg er det høgtlesing og konkurranse. Men ein vesentleg skilnad på ei vanlig søndagsskulesamling er det likevel; me ser kvarandre ikkje! Det er spennande å sitte i studio i Haugesund og tenke på kven det kan vere som hører på? Kor bur dei?

Mange tilbakemeldingar desse åra fortel at radiosøndagsskulen har



mange lyttarar som hører på og sett pris på programma. Programmet når mange som elles ikkje oppsøker eit kristent fellesskap. Nokre lyttarar et frukost i familien og hører radiosøndagsskule saman. Nokre lyttarar bur aleine. Noen lyttarar er barn som bur på stader der det ikkje er søndagsskule. Noen lyttarar er barn med ei funksjonshemmning som gjer det vanskeleg å vere saman med andre. Noen lyttarar er besteforeldre som inviterer barnebarn til kvelds og hører radiosøndagsskulen saman.

Noen lyttarar sitt på venterom på sjukehus eller i taxi. Noen lyttarar sitt i fengsel.

Radiosøndagsskuleprogramma blir sendt lokalt på KNH 105,6 søndag kl 9.00 og kl 19.00, i tillegg til at dei blir sendt i mange kristne nærradioar i landet vårt. Programmet kan og høyrast på nettsida radioen.net kl 9.00 og kl 19.00 kvar søndag. Ein kan og laste programmet ned som podcast på radioen.net og høyre det akkurat når det passer best for ein sjølv.

Familie-KRIK



Fyrste samling denne hausten.

Av Margunn Lygre Strømme

FamilieKRIK Skjold er eit nystarta tilbod til familiar i distriktet. KRIK står for Kristen Idrettskontakt og har ein visjon om å bevare, inspirera og vinna idrettsfolk til kristent liv. I FamilieKRIK Skjold ynskjer me å samla familiar om lag ein søndag i månaden til leik, konkurransar, Jesus, idrett, andakt og fellesskap. Aller kjekkast er det om heile familien er med på samlingane, det vil seia både vaksne og barn. Nokre gonger

vil me vera ute på tur saman, medan me andre gonger brukar hallen i Skjold Arena.

I haust har me hatt 3 samlingar, og har no teke juleferie. Det blir nye samlingar etter nyttår med oppstart 10. Januar 2016. Meir informasjon om tid, stad og aktivitetar kjem etterkvart. Alle familiar er veldig velkomne til å vera med!

Tips: Om du likar sida vår på Facebook, har du alltid tilgong til ferskast mogleg informasjon.

KRIK
KRISTEN IDRETTSKONTAKT

"For det er i Han vi lever og rører oss og er til" Apg 17,28



Mathilde Ur Antonsen, 1. klasse, Vikedal skule



Sebastian Hustveit, 2. klasse, Ølen skule

Gild møteserie!



Av: Trygve Sandvik (Vats)

ISVIK BEDEHUS:

Møteserien er over. Frå mandag 28. oktober til med 11. november har Guds ord vore forkynt på bedehuset kvar kveld med unnatak av mandagane 2. og 9. november.

Det har vore gode og gjevande samlingar. Paul Mattis Nørstebø og Georg Kallevåg frå Den Indre Sjømannsmisjonen har forkynt ordet klart og reint både i ord og tonar. I tillegg var eit par av mannskapet på Elieser innom og deltok med song og vitnemål. Ordet vart også gjeve

fritt slik at mange nytta høvet til å koma med ei helsing, eit vitnesbyrd eller ein song. Folk har kome frå heile distriktet. I snitt har frammøtet vore på 40 - 50 personar kvar kveld.

Etter møta var det kaffi og litt å bita i, og folk gav uttrykk for at det var gildt å samlast. På møtekveldane vart det teke opp offer til misjonen, og det kom inn mellom 40 000 og 50 000. Arrangørane for møteserien er svært takksame for desse pengane, og dei vonar at det som har vorte sådd gjennom tale og song i si tid vil spira. Takk til alle som fann vegen til Isvik bedehus i desse dagane.

Endringar i redaksjonen

Av Steinar Skartland

Ein trufast mann og medspelar i redaksjonen for Hyrdingen gjennom mange år, Arne Borgemyr, har nå flytta frå Ølensvåg til Bømlo der han og kona Bjørg har kjøpt seg ny bustad. Dette er grunnen til at Arne også har gått ut av redaksjonsnemda og arbeidet med Hyrdingen nå. Redaksjonen i kyrkjebladet takkar han for tenesta og for mange gode artiklar og stoff han har bidreg med. Vi ynskjer dei begge lukke til i ny heim.

Arne har sett spor etter seg i Vindafjord. Som lærar og rektor på Lundeneset VGS i mange år, teneste i kommunen, i både sokneråd, bedehus og organisasjonsarbeid.

Ny medarbeidar i redaksjonen frå nå av er Hanne Haraldseide Brekke, som bur i Skjold saman med mann og tre born. Vi ser fram til samarbeidet om å laga og gje ut kyrkjebladet for heile Vindafjord, men minner om at vi framleis ser etter ein ekstra medarbeidar i redaksjonen der vi ynskjer å vera fem i alt.

Nye sokneråd

Av Steinar Skartland

Alle sokneråda er nå konstituerte og i gong med arbeidet sit. Vi kjem tilbake til presentasjon av sokneråda og oppgåvane deira i seinare nummer. Dei som skal leia sokneråda frå nå av er:

Imsland; Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Sandeid: Tore Tokheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

Skjold og Vikebygd sokneråd:

Leiar Kari Synnøve Velde Haugen, nestleiar Britt Nelly Ness Tveit.

Ølen og Bjoa sokneråd:

Leiar Per Ølfarnes, nestleiar Agnar Naustdal

Dei som skal sitja i det nye fellesrådet er:

Vikedal: Johannes Holten Leifsen

Ølen: Leiv Karsten Medhaug

Bjoa: Odd Johannes Lien

Imsland: Liv Hoff Imsland

Sandeid: Johan Georg Vestbø

Vikebygd: Øyvind Valen

Skjold: Øystein Kalstveit

Vats: Arild Urdal

Vindafjord kommune: Steinar Skartland

Sokneprest Harald Eintveit



Arne Borgemyr.

Flott konsert med Tom Roger Aadland

Av Gunnar Listog

Sterke tekstar, eminent gitarspel, velkomponerte melodiar var det som møtte tilhøyrarane frå dei fleste bygdene i distriktet vårt under konserten med Tom Roger Aadland i Skjold kyrkje 11. november.

Dette var fyrste konserten til Aadland i Skjold, så det var på tide. Tom Roger Aadland spela på heile sitt repertoar, frå Dylan på nynorsk og «Blod på spora» til «Rapport frå eit grensehotell» med m.a. «Like til mi dør» og «Farsfolket». Ein ekstra spiss fekk konserten med to urframföringar. Songen «Ein dag» gjorde eit særleg inntrykk. Det var den finaste songen, var det nokon som sa. Ein djuptpløyande tekst tonesett med ein melodi som om det var ei



Tom Roger Aadland

vakker salme.

Med si stillferdige framföring kjem tekst og melodi særleg fram i kon-

sertane til Tom Roger Aadland. Han spela og song for eit entusiastisk publikum denne kvelden.

Livskvalitet og Livsglede

Velkommen til ein interessant kveld for både bedriftseigarar og tilsette! Livskvalitet og Livsglede. -Få inspirasjon og påfyll i ein travell kvardag

Innhold

- Oppdag kva det er som gir deg energi og kva som tapper energi, sei farvel til energitjuvane
- Mentalt fokus, lær om tankanes kraft og korleis du kan bruke det i kvardagen
- Følelsenes kraft, korleis kan du booste din livsglede og få meir overskudd og energi i kvardagen?
- Sjølvfølelse og sjølvtillit, enkle tips til å styrke trua på deg sjølv
- Forstå frustrasjon, irritasjon og bemyrring og lær gode verktøy til å håndtera det
- Lær å skapa enda fleire plussdagar

Om foredragsholdaren

May-Bente Høiland Lode er forfattar utdanna lektor i pedagogikk og sertifisert SuksessCoach. Ho har

solid erfaring som kurs-, foredragsholder og motivator med sterkt evne til å berøre og få fram det aller beste i andre. Har dei siste 8 åra jobba med ledar- og medarbeiderutvikling i næringslivet samtidig som ho har bygd opp motivasjonskurs for privatmarkedet og etablert egen Coach Mentor Utdannelse. Ho er målretta, kreativ og energisk med glimt i auga. Sertifisert Life Coach master frå Dublin, Coaching Success ved Success Intelligence, London og Future Leaders Programme ved The Scottish Borders Council. Har gitt ut boka Lykkekoden.

Skjold kyrkjekulturutvalg og Skjold Bygdekvinnelag inviterer deg til eit inspirerande foredrag.

Skjold Kyrkje - Torsdag 21. Januar 2016 – klokka 19.00

Inngangsbillett kr 100,-

Påmelding innan 15. desember 2015 til liv@lesvendsen.no eller inger.marie.ohm@haugnett.no





Gullkonfirmantar i Bjoa

Bak frå venstre: Margun Dalen Haga, Steinar Gangstø, Ingrid Tveit Steinsland og Gunlaug Svalland Brekke. Framme frå venstre: Bjørg Gunn Gjerde Opsal, Liv Marit Trædal Mortensen og Marit Hauge. Kjell Magne Søråas (død). Ikkje til stades: Sigrun Østrem Stakkestad, Alf Lygre, Trygve Øen og Atle Hetland.

Av Bjørg Gunn Opsal

1. november var me 7 konfirmantar samla til fest hjå Ingrid Tveit Steinsland. Me var 12 til saman som blei konfirmert 02. mai 1965. Det var ho og Margun Dalen Haga som tok initiativet til denne samlinga, sidan me

lenge hadde venta på invitasjon frå kyrkja som aldri kom.

Me starta med høgmesse i Bjoa kyrkje, der me presenterte oss og deltok i gudstenesta. Sidan det var allehelgensdag, passa det godt å minnast Kjell Sørås som gjekk bort rett etter konfirmasjonen i 1965. Me

la ned blomar på grava hans. Etterpå hadde me ei flott samling heime hjå Ingrid med festbord, herlig mat og masse mimring. Me var og ein tur rundt på alle tre skulane på Bjoa som me hadde gått på. Det var veldig kjekt. Så tusen takk Ingrid og Margun for initiativet.



Stina Marie Lunde, 6. klasse, Bjoa skule



Dan D. Gebrenekeil,
5. klasse, Vågen skule



Tysvær blandakor

Salmekveld med Eivind Skeie og Tysvær blandakor

Av Gunnar Listog

«Ei salme er eit kunstverk, det uttrykte mellom anna salmeskriven, forfattaren og presten Eivind Skeie då han presenterte nokre av salmane han har skrive på ein salmekveld i Skjold kyrkje 22. oktober. Saman med Tysvær blandakor under dirigent Magne Kristoffersen vart det eit møte med nokre av dei 38 salmane han har skrive og som står i den nye salmeboka. Men også oversette salmar og salmar som ikkje fekk plass i den nye salmeboka vart me kjende med.

Allsidig poet

Eivind Skeie er ikkje berre salmediktar. I ei tiårsperiode skrev han om lag 350 ulike manus for barneprogramma «Portveien» og «Sesam stasjon». Songen «Tenn lys» vart skriven i samband med «Sesam stasjon» sin julekalender. I dag er dette ein julesong som vert sungen både av kristne og muslimar.

Julesongen «Stjerne frå Betlehem» vart sungen av Tysvær blan-

dakor. Songen kom ikkje med i den nye salmeboka, men kan bli ein kjær julesong likevel.

Mange tema

Salmane har mange tema, alt frå julesalmar til tema som det kristne håpet, dei forfylgde kristne, vår piligrimsvandring, - til sommarsalmar. Salme 853 er ei sommarsalme. I tredje strofe står det:

Og når jeg skal dra, da gi meg et sted. Der sommeren ligger og drømmer.

Dette er verselinjer eg kan tenkja meg på mi eiga grav, fortalte forfattaren.

Salmefornying

«Salmane må fornyast for nye generasjoner fordi språket endrar seg,» framheva Skeie. Og salmediktaren Eivind Skeie har så visst fornya språket, og bileta, i tråd med ei ny tid.

For dei om lag 160 frammøtte vart ikkje denne berre eit møte med ein salmediktar og ein poet. Forsmlin-



Eivind Skeie og
sokneprest Jon Ådnøy.

ga fekk eit møte med ein av dei store innan salmediktar-kunsten i vår tid. Saman med m.a. komponisten Sigvald Tveit har skapt salmeskattar for generasjoner.

Og litt artig er det at salme nr 26 i den nye salmeboka, «Solbarn, jordbarn» som Eivind Skeie oversette til norsk i 2004, er den salma som i vår tid har spreidd seg raskast rundt om i verda.

Salme, tone og musikk er diakoni. Mange opplevde nok kvelden slik.

Trusopplæringa i Vindafjord

Av Else Gurine Stople

28. – 29. nov arrangerte me Lys Vaken for 5. klasse- då var det aktivitet i dei fleste kyrkjene i Vindafjord. Dette konseptet er landsdekkande. 10 – 11 åringer blir inviterte til å vera med på å feire nyttår i kyrkja. Første søndag i advent er første dagen i kyrkeåret. Mange 5. klassingar i Vindafjord deltok på dette denne helga.

Framover har me dette på kalenderen:

Utdeling av biblar til 5. klasse skjer på desse gudstenestene:

Vikebygd kyrkje	24. januar
Skjold kyrkje	17. januar
Vats kyrkje	24. januar
Bjoa kyrkje	06.desember
Sandeid kyrkje	17. januar
Vikedal kyrkje	24. januar
Imsland kyrkje	03. januar

(I Ølen kyrkje var det utdeling av biblar på gudstenesta 29. november i samband med Lys Vaken.)

Vinterweekend til Brandøy 29 – 31. januar for alle 5. klassingar

Nytt i år er at dette blir ein felles leir for heile Vindafjord med leiarar frå dei ulike kyrkjelydane. På leiren får du bli betre kjend med bibelen du har fått i gave, være med på ulike spennande aktivitetar, og du får treffe og bli kjend med andre 5 klassingar frå heile kommunen. Håpar du har lyst å delta!

Me kan berre sende invitasjon i pos-ten til dei me har i vårt register men du er hjertelig velkommen til å delta sjølv om du ikkje er registrert som medlem av kyrkja. Ta i så fall kontakt så sender me deg meir enn gjerne ein invitasjon!

Har du spørsmål om leiren eller ønsker å melde deg på kan du ta kontakt med:

Else Gurine Stople – trusopplæring Vindafjord, tlf. 47231175 else.gurine.stople@vindafjord.kommune.no eller:

Britt Karstensen – kateket i Vindafjord tlf, 45221580
Britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Skattejakt for 1. klasse

Skattejakta er eit allereie innarbeid trusopplæringstiltak i byggdene. Skattejakta omfattar 4 samlingar i tillegg til deltaking på ei gudsteneste. Målet er at ungane skal få bli betre kjende med kyrkja og den kristne trua på ein leiken og spennande måte tilpassa deira alder.

På kvar samling tar me for oss ein «bibelskatt» og ein «kyrkjeskatt». I tillegg har me hobbyaktivitet og litt enkel mat på alle samlingane. På gudstenesta deltek 1. klassingane med ulike innslag – og dei får utdelt boka «Jesus-bibelen».

Datoar for samlingane er ikkje fastsatt enda men det blir avslutning av skattejakta på desse gudstenestene:

Vikebygd kyrkje	13. mars
Skjold kyrkje	28. februar
Vats kyrkje	06. mars
Ølen kyrkje	13. mars
Sandeid kyrkje	28. februar
Vikedal kyrkje	06. mars
Imsland kyrkje	13. mars

(på Bjoa blir to årskull slått sammen, det blir derfor ikkje arrangert skattejakta på Bjoa i 2016)

Det same gjeld for skattejakta som for andre trusopplæringstiltak.

Me kan berre sende invitasjon i pos-ten til dei me har i vårt register men alle er hjertelig velkommen til å delta sjølv om dei ikkje er registrert som medlem av kyrkja. Ta i så fall kontakt med kateket Britt Karstensen.

Baby song:

Det blir oppstart av nye kurs i baby-song i Ølen før jul og i Skjold etter nyttår. Ta kontakt med Britt for meir detaljert info:

Britt Karstensen tlf, 45221580. britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Facebook

Trusopplæringa i Vindafjord har nå eiga Facebook side; Trusopplæring Vindafjord.

Lik, følg og del gjerne sida vår!

Her vil det bli lagt ut informasjon om dei ulike trusopplæringstiltaka. Me arbeider heile tida med trusopplæringsplanen og fleire tiltak vil komma etterkvart

Julekryssord

VANNRETT

- Ost
- Gutenamn
- Mark
- Lars Torsvik
- Tal
- Frø
- Inge Nilsen
- Fisk
- Spiss
- Daniel Ask
- Terge
- Moderne

LODDRETT

- Dyrepassar
- To like
- Barnet
- Mellom to toppar.
- Norsk prinsesse
- Sirkel
- Frukt
- Styrkedrik
- Lang fisk

Løysing kjem i neste nr.



ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vier en del av NLMVGS



LUNDENESET VGS



NLMVGS



LUNDENESET VGS

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olenserter.no](#)



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



Haustmarknad i Vats

Av: Sjur Inge Stødle

**Laurdag 17. okt. var det igjen
Haustmarknad i Vats, denne gongen
i Vindafjordhallen, til inntekt for nytt
bedehus/soknehus.**

Frå tidleg morgen var bakstekonene i gang på skulekjøkkenet for at folk kunne få kjøpa varme potekaker. Mange andre hadde baka heime, både lefser, gjærbakst, formkaker og småkaker, så å sei alt vart selt. Syltetøy, saft og planter kunne ein og få kjøpa. Andre hadde laga fine husflidting som skulle seljast. I "kaféen" var det graut, kaffi og gode kaker, pluss nysteikte vaflar!

Lopper er alltid populært, og mange fann seg nok ein "godbit", men det er alltid eit problem at det òg er mykje som vert liggjande att. Som siste del av marknaden vart auksjonen sett i gang. Olav og Steinar fekk opp stemninga, og tinga gjekk unna til gode priser! Innimellom var det utlodding med åresal, og det var ikkje vanskeleg å bli kvitt årene! Oppteljinga viste og i år at ca 70 000 kr kan setjast inn på konto!

TAKK! Mykje skulle gjerast klart på førehand, og ein stor dugnadsgjeng gjorde ein kjempejobb på ulik vis både på fredagen og på marknadsdagen. Tusen takk til alle! Også takk til HIM

som dekkjer annonsekostnadene!

Ynskjer du å støtte prosjektet med nytt hus, kan du overføre pengar til konto 3330 24 11242.

Eller gi støtte skattefritt via Vats soknerådet sin kto. 3240 18 24234. Viktig då å merkja med Vats bedehus/soknehus. Vil du å verta fast girar og ikkje veit korleis det kan ordnast, kan du ta kontakt med Jostein Sørhus på tlf. 909 88 835. Dei som tippar, kan gje støtte via "grasrotdelen". Du må då registrera dette orgnr.: 911 818 744 - på tippekortet ditt.

Til våren blir det basar, set av laurdag 16. april!

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
6. desember 2. s. i advent Joh 16,21-24	11.00	Bjoa kyrkje	Fam.gudsteneste. Bibel 5-klassen Takkoffer: Misjonsprosjektet i Kina
	17.00	Sandeid kyrkje	Lysmesse. Konfirmantane tek del. Takkoffer til konfirmantarbeidet. Presentasjon av det nye soknerådet.
	18.00	Vikebygd kyrkje	Lysmesse. Speidarar og konf. deltek. Takkoffer: Norges KFUK/M speidarar
	16.00	Vats kyrkje	Lysmesse Konf. er med. Takkoffer: Israelsmisjonen
13. desember 3.s. i advent Joh 5,31-36	17.00	Vikedal kyrkje	Lysmesse Konfirmantane tek del. Takkoffer til IKO.
	17.00	Skjold kyrkje	Lysmesse. Konf. er med Takkoffer: Diakoniarbeidet
	19.00	Vats kyrkje	Me syng jula inn på fleire språk. Takkoffer: Norea Radiomisjon
	19.00	Ølen kyrkje	Vi syng jula inn i samarbeid med Vindafjord kulturskule og konf. Takkoffer til Frelsesarmeene.
20. desember 4. s. i advent Matt 1,18-25	18.00	Imsland kyrkje	Syng jula inn!
24. desember Julafstan Luk 2,1-20	14.30	Bjoa kyrkje	Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
	14.30	Ølen kyrkje	Takkoffer. Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.
	16.00	Ølen kyrkje	Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet.
	16.00	Vikebygd kyrkje	Takkoffer: Stefanusborna (Misjonsprosjekt)
	14.30.	Vats kyrkje	Takkoffer: Barn og unge i Bangkok (misjonsprosjektet)
	14.30	Sandeid kyrkje	Takkoffer til Kirkens Nödhjelp.
	16.00	Vikedal kyrkje	Takkoffer til Flyktningehjelpen.
	16.00	Imsland kyrkje	Takkoffer til Kirkens Nödhjelp.
	16.00	Skjold kyrkje	Takkoffer: Stefanusborna. (Misjonsprosjektet)
25. desember 1. juledag Joh 1,1-14	12.00	Ølen kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer. Kirkens Bymisjon, Haugesund.
	12.00	Skjold kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæring Vindafjord
	11.00	Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Haugesund. Nattverd.
26. desember 2. juledag Joh 16,1-4a	11.00	Vats kyrkje	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid
27. desember Romjulssøndag Luk 2,25-35	11.00	Ølen kyrkje	Høgmesse. Nattverd.. Takkoffer: Stefanusalliansen.
31. desember Nyttårsafta Matt 11,25-30	17.00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer til diakoniarbeidet.
	23.00	Vats kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Feedback
1. januar Nyårsdag Matt 18,19-20	11.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.
3. januar Kristi openberringsdag 2 Kor 4,1-6	11.00	Imsland kyrkje	Fam. messe. Bibel 5. klasse. Takkoffer til konfirmantarbeidet. Nattverd.
	11.00	Skjold kyrkje	Heilagstrekongarsfest. Juletregang etter gudstenesta
	17.00	Bjoa kyrkje	Takkoffer:
10. januar 2. s. etter Kr.opb. Joh 1,29-34	11.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse. Takkoffer. Nattverd.
	19.00	Ølen kyrkje	Sjå annonsering i Haugesunds Avis og Grannar
	11.00	Vats kyrkje	Nattverd. Takkoffer:
17. januar 3. s. etter Kr.opb. Joh 1,15-18	16.00	Sandeid kyrkje	Fam. messe. Bibel 5-klassen. Takkoffer. Nattverd.
	11.00	Ølen kyrkje	Sjå annonsering i Haugesunds Avis og Grannar
	11.00	Skjold kyrkje	Fam. gudsteneste. Bibel 5-klassen
24. januar Såmannssøndagen Matt 13,24-30	16.00	Vikedal kyrkje	Fam. messe. Bibel 5-klassen. Takkoffer. Nattverd.
	11.00	Ølen kyrkje	Sjå annonsering i Haugesunds Avis og Grannar
	11.00	Vats kyrkje	Fam. gudsteneste. Bibel 5-klassen. Takkoffer:
	17.00	Vikebygd kyrkje	Fam. gudsteneste. Bibel 5-klassen. Takkoffer:
31. januar Kristi forklæringsdag Luk 9,28-36	11.00	Imsland kyrkje	Høgmesse. Takkoffer. Nattverd.
	17.00	Skjold kyrkje	G-17 gudsteneste. Nattverd. Takkoffer:
	11.00	Bjoa kyrkje	Takkoffer:
7. februar Fastelavnssonntag Luk 18,31-34	11.00	Sandeid kyrkje	Høgmesse. Takkoffer. Nattverd.
	17.00	Vats kyrkje	Takkoffer: Konf. leir

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

MØTER OG KUNNGJERINGER

Vågen bedehus

Det kan bli endringer. Oppdatert kalender er på:
www.vaagenbedehus.no

5.12.	Laurdag	20:00	Loftet ungdomsklubb
6.12.	Søndag	16:00	Søndagskaffi m/andakt for borna
9.12.	Onsdag	19:30	Bønnemøte
13.12.	Søndag	11:00	Søndagsskule
13.12.	Søndag	19:30	Søndagsmøte
14.12.	Måndag	20:00	Laget
15.12.	Tysdag	17:30	Jentelaget og guttelaget
16.12.	Onsdag	19:30	Bønnemøte
20.12.	Søndag	11:00	Søndagsmøte
24.12.	Onsdag	12:00	Julemøte for heile familien
28.12.	Måndag	18:00	Juletrefest
5.1.	Tysdag	17:30	Jentelaget og guttelaget
6.1.	Onsdag	19:30	+20:30. Bibeltimar (Misjon Sarepta)
10.1.	Søndag	19:30	Søndagsmøte
13.1.	Onsdag	19:30	Bønnemøte
17.1.	Søndag	19:30	Søndagsmøte
19.1.	Tysdag	17:30	Jentelaget og guttelaget
20.1.	Onsdag	19:30	Bønnemøte
24.1.	Søndag	18:00	Årsmøte
27.1.	Onsdag	19:30	Basar Sjømannsmisjonen
31.1.	Søndag	11:00	Søndagsmøte
2.2.	Tysdag	17:30	Jentelaget og guttelaget
2.2.	Tysdag	19:30	Møte (møteveke NLM)
3.2.	Onsdag	19:30	Møte (møteveke NLM)
4.2.	Tysdag	19:30	Møte (møteveke NLM)
5.2.	Fredag	19:30	Møte (møteveke NLM)
6.2.	Laurdag	18:00	Generalforsaml. Møteveke NLM
7.2.	Søndag	19:30	Møte (møteveke NLM)
10.2.	Onsdag	19:30	Misjonskveld
14.2.	Søndag	11:00	Søndagsmøte

Kyrkjeturnet

10.12.	Torsdag	19:00	Adventsmøte m/mykje song
27.12.	Søndag		Juletrefest

Kårhus bedehus

9.12.	Onsdag	19:30	Flymisjonen
16.1.	Laurdag	18:00	Nyttårsfest
20.1.	Onsdag	19:30	NLM
26.1.	Tysdag	19:30	Årsmøte for Vats bedehus
10.2.	Onsdag	19:30	Normisjon
22.2.	Måndag	19:30	Årsmøte for Kårhus bedehus

Øvre Vats bedehus

16.12.	Onsdag	19:30	Normisjon
6.1.	Onsdag	19:30	Semesteropning
27.1.	Onsdag	19:30	Muslimmisjonen
17.2.	Onsdag	19:30	NLM

Blikrabygda bedehus

13.1.	Onsdag	19:30	Onsdagsmøte
3.2.	Onsdag	19:30	NMS

Vikebygd bedehus

10.12.	Torsdag	19:00	Adventsmøte m/mykje song
27.12.	Søndag		Juletrefest

Årsmøte Vats bedehus/soknehus-foreining

Tysdag 26.januar kl. 19:30. Andakt, årsmøtesaker, servering. Evt. saker må vera meldte til styret før nyttår. Me ynskjer eit kort dagleg-namn på dette framtidige huset. Det blir tungvindt med Vats bedehus / soknehus. Har du eit forslag som fortel noko om kva dette huset vil "stå for", så meld frå. Me tar saka opp på årsmøtet.

Julekonsert i Vikebygd kyrkje

Sundag 13. desember kl. 16:00. Lokale song- og musikkrefter. Det er snart ein tradisjon, det er andre året på rad med julekonsert i Vikebygd kyrkje. Dei som deltar på konserten er lokale musikkrefter; Vikebygd skule- og ungdomskorps og mange andre. Me tenner tre lys i adventskransen og syng julalied inn.

FRÅ KYRKJEBOKA

IMSLAND

Døpte:

08.11. Jakob Blikra

Døde:

25.10. Ingebjørg Marie Hustveit f. 1920

VIKEDAL

Døde:

30.09. Margit Liestøl f. 1921

29.10. Hjalmar Ræstad f. 1921

SKJOLD

Døpte:

25.10. Alexander Sætre

25.10. Theo Amundsen

Døde:

02.11. Solveig Bertine Langeland f.

1928

08.11. Gunnar Aarsteinsen f. 1932

VATS

Døde:

06.10. Laurits Strand f. 1938

05.11. Ingebjørg Bakkevold f. 1927

VIKEBYGD

Døde:

06.11. Gerhard Tindeland f. 1934

ØLEN

Døde:

07.10. Anne Kristine

(Annemor) Skoglund f. 1932

03.11. Kyoko Namba Østhush f. 1949

09.11. Gurina Aarekol f. 1917

18.11. Peder Søndenå f. 1925

BJOA

Døde:

11.11. Borghild Signy Sørensen

f. 1924

Døpte:

01.11. Sam Korslien Lunde

Leirbålsgudsteneste



På bots- og bededag var det speidargudsteneste i Skjold kyrkje.

Til stades var og den nye prosten, Rune Stensnes Engedal. Kyrkjelyden sat som kring eit leirbål, så det vart ei flott markering av det gode speidararbeidet som vert drive i Skjold.



Speidargudsteneste i Skjold kyrkje.

Amalie Vanvik Rennesvik, 3. klasse, Imsland skule

Åndaktstelen
380 91 700
Åpent hele døgnet! Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 28. januar
Frist for levering av stoff er:
4. januar